



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon  
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato  
23.06.2016  
Deres dato  
06.06.2016

Vår referanse  
2016/7641 472  
Deres referanse

Ekehaug Maskin AS

### Svar på spørsmål om bruk av forureina massar

Vi viser til e-post 6. juni der det er spurt om pukk og grusmassar som er forureina i tilstandsklasse 2 og 3 kan nyttast til forsterkning av anleggsveg og tørrlegging av dyrka myrområde utanfor tiltaksområdet. Det er og spørsmål om det er vanskeleg å få løyve til mellomlagring og omlasting av slike massar.

#### **Bruk av massane skal gå fram av tiltaksplanen som skal godkjennast av kommunen**

Ved mistanke om forureina grunn i eit område der det er planlagt graving eller bygging, skal tiltakshavar gjennomføre gransking og lage tiltaksplan. Tiltaksplanen skal godkjennast av kommunen. I § 2-6 i forskrifta går det fram kva ein tiltaksplan skal innehalde. Eit av punkta som skal vere med er ei utgreiing av korleis dei forureina massane skal disponerast.

#### **Forureina massar kan nyttast innanfor tiltaksområdet i tråd med rettleiar**

Forureina massar kan i visse tilfelle nyttast innanfor tiltaksområdet. I så fall må det gå fram av tiltaksplanen at disponeringa er i tråd med akspetkriteria for bruken av område i [Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2553/2009: Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn](#). Kommunen skal sjå til at tiltaksplanen inneheld informasjon om lovleg bruk av forureina overskotsmassar.

#### **Forureina massar kan ikkje brukast utanfor tiltaksområdet**

Alle massar med innhald over normverdien som ikkje kan nyttast innanfor tiltaksområdet, må leverast til godkjent deponi eller behandlingsanlegg med løyve etter forureiningslova slik det går fram av § 2-5 i forskrifta. Oversikt over anlegg med løyve etter forureiningslova finst på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no). Massar i tilstandsklasse 2, 3, 4 eller 5 kan altså ikkje brukast til nyttige føremål utanfor tiltaksområdet, og kommunen kan ikkje godta tiltaksplanar som legg opp til slik bruk.

#### **Miljødirektoratet kan gje dispensasjon**

Det er mogleg å søkja om dispensasjon frå kravet i § 2-5 i forskrifta. Ein slik søknad skal ikkje rettast til kommunen eller Fylkesmannen, men til Miljødirektoratet. Sjå også punkt 14 i spørsmål og svar om forureina grunn på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)

**Fylkesmannen kan gje løyve til mellomlagring og omlasting av massar**

Når forureina massar vert transportert ut frå tiltaksområdet vert det rekna som avfall, og anlegg som tek imot forureina massar til mellomlagring og omlasting vert rekna som eit avfallsanlegg. Avfallsanlegg som fører til fare for forureining krev løyve frå Fylkesmannen, jf § 29 i forureiningslova. Mellomlagring og omlasting av forureina massar vil føre til fare for forureining, og må ha løyve. Ein søknad må vere i tråd med § 36-2 i forureiningsforskrifta. Søkjar må rekne minst 6 månader sakshandsaming, og må betale sakshandsamingsgebyr i tråd med kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Det vil vere ei vurdering av fare for forureining frå aktiviteten og omsyn til nærmiljøet, og kva tiltak som eventuelt kan gjennomførast for å redusere forureininga, som vil vere avgjerande for om det vert gitt løyve.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

Astrid Holte  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*